

Per Olaf Lundteigen:

Fire nye år på tinget

Per Olaf på tinget for ein ny periode. Det er det all aktivitet i Buskerud Sp handlar om i vekene fram til midten av september. Valkampsamlinga 12. juni gjekk føre seg på innsjøen Eikern med etterfølgjande samling i Eidsfoss. Per Olaf var reiseleiar i sitt eige rike.

Av ANFINN BERNAAS

ab@sp.no

Per Olaf Lundteigen er fødd og oppvaksen like ved den gamle celluloseindustriestaden Vestfossen i Øvre Eiker. I sitt vaksne liv har han forutan å vere politisk og organisasjonsmann vore mjølkebonde på Gommerud same stad. Vestfossen Cellulose blei nedlagt i 1970, og i dag rommar dei gamle fabrikkbygningane eit breitt spekter av kunst og kultur.

Veret er regnfullt og grått denne fredagen i juni når representantar for valkampteam i kommunane, fylkesstyre, stortingsval-listekandidatar, fylkestingsgruppe og ordførarar stig om bord i M/S Eikern tidleg på føremiddagen. Den velhaldne båten ligg ved brygga i Vestfossen sentrum og to timar seinare og 17 km unna skal han leggje til ved Eidsfoss i sørenden av innsjøen. Eit stort lokalt engasjement ligg bak dagens båtdrift. – Men gråveret gjer ingen ting. Regn i sløret til brura tyder lukke, er bodskapen som fylkesleiar Ole Johnny Stavn og fylkessekretær Solveig Lysaker overbringer til den framkomte journalisten frå lokalavisa Bygdeposten.

Før avfart gjer fylkesleiar Stavn opp status: Sp i Buskerud fekk 6,4 prosent oppslutning og 9 000 røyster ved siste stortingsval. Det heldt så vidt slik at Per Olaf kom inn på utjamningsmandat. For å vere på den trygge sida må tilslutninga denne gongen opp i 7,4 prosent og 11 000 røyster. Det kjem ikkje av seg sjølv, og strategane i Buskerud ser ikkje minst i retning Drammen, ein storby i norsk målestokk. Der var røyste-



talet 500 i førre stortingsval, men potensialet er utan tvil vesentleg større. Så byar og tettstader er særst viktige valkamparenaer dersom Sp skal vere ei kraft i norsk politikk i åra som kjem.

Så tek seglasen til. Per Olaf er lokal kjentmann og kunnskapsrik rikspolitiskar. Desse to elementa flettar han leikande lett saman til eit fengslende kåseri. Båtgjestene får høyre om våtmarksområdet ved Fiskumvatnet der grunneigarane sende erstatningsspørsmålet til Høgsterett på 1970-talet og fekk malen på plass for praksis i slike saker seinare. Han gjer inngående greie for Eikern som vassforsyningskjelde for Vestfold, om vassforsyning som essensiell infrastruktur i offentleg eige og farane ved å gjere vatn til handelsvare. Skogane rundt Eikern er naturleg utgangspunkt for å gå inn i den

alvorlege situasjonen for norsk papirindustri, aktualisert av morgonnyhenda om oppseiingar i Norske Skog Follum ved Hønefoss.

Forsamlinga får også høyre anekdotar frå ein Per Olaf i storform om da han møtte høgremannen Bjarne Braathen som hadde høgreformann Erling Norvik på besøk. Braathen heldt til ved Eikerns breidd og dei to høgremennene sat med sterkt innhald i glasa da bonden Per Olaf stakk innom medan han slo gras langt heimanfrå. Dei tre karane blei samde om litt av kvart om livet og verda, og Per Olaf nyttar fortellinga som eit høve til å karakterisere den politiske utviklinga fram til dagens høgrelieing. Det fell ikkje ut til Erna Solbergs, Jan Tore Sanners og Erling Laes fordel.

Vel framme på Eidsfoss benkar valkampkorpsset i Buskerud seg rundt langbordet inne i Gamle Eidsfoss kro i Bråtagata. Eidsfoss er ein liten tettstad i Hof kommune lengst nord i Vestfold med lange industrihistoriske røter. Frå 1697 til 1884 blei det drive jernverk her, men omnsstøyperiet var i drift fram til 1961. No er berre ein mekanisk verkstad att, men bygningane til verk og folk er blitt eit levande museum. Dei gamle arbeidarbustadene blei i siste stund berga frå riving i 1979.

I dette kulturhistoriske miljøet er det gjennomgang av valkamplanen. Alle skal vere innforstått med målet og metodane. Ein bolck med fylkesstyremedlem Pål Rørby frå Hemsedal gjev nye perspektiv på distriktpolitikken: Rørby er innflyttar frå Oslo, har bakgrunn frå snøbrettkøyring og brenn for

at Senterpartiet skal bli tilretteleggjarpartiet for friluft- og rekreasjonsinteressene. – Vi skal «relansere» Sp som fritidspartiet, villmarkspartiet og friluftspartiet. Vi skal få fram at områda som byfolket ferierer i er i fare dersom ikkje Senterpartiet tek rolla som forkjempar for bygdene, utkantstrøka og distrikta. Ja, helst burde vi gå bort frå å bruke nemninga distrikt. I staden kan ein omtale utkantstrøk og bygder som fritidsområde og leverandørar av villmark, friluftaktivitetar og -opplevingar. Utan berekraftige lokalsamfunn og kommunar utanfor sentrale strøk, vil det ikkje vere nokon igjen til å yte den servicen som tilreisande ventar seg, ønsker og set stor pris på, sa han.

Og deretter var det middag og tid for bussretur til Vestfossen.

SENTRUM

BESØKSADRESSE:
Akersgata 35
POSTADRESSE:
Pb. 1191 Sentrum, 0107 Oslo
Telefon: 23 69 01 00
Telefaks: 23 69 01 01

e-post: sentrum@senterpartiet.no

REDAKSJON:
Ansvarlig redaktør:
Ivar Egeberg
Redaksjonssekretær:
Anfinn Bernaas

Produksjonsleder/-layout:
Ragne B. Lysaker

Abonnement: 100 kr. pr. år.

TRYKK: Nr1 Trykk
OPPLAG: 20 000

ANNONSEPRIS: pr. sp.mm.:
s/hv. kr. 14,- sort+1 f. kr. 17,-
4farger kr. 20,-

Sentrum nr. 5
kommer
i august 2009.

Vi mottar gjerne
tips til stoff.